

Representanten **Jana Midelfart Hoff (H)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

«Vestland Fylke har tatt initiativ til å kjøpe inn engangsmunnnbind til sine videregående skoler i forbindelse med pågående pandemi. I prinsippet stiller Høyre seg positiv til dette, men er blant annet bekymret for negativ miljøpåvirkning av engangsmunnnbind

SPØRSMÅL:

- Kan administrasjonen redegjøre for prosessen vedrørende innkjøp av engangsmunnnbind, om det var anbudsrounde og hvilke overveielser i forhold til bærekraft og miljøavtrykk som ble gjort?
- Ble det på noe tidspunkt vurdert å inngå samarbeid med lokalt næringsliv, slik at man kunne bidra til utvikling av helserelatert næringsvirksomhet på Vestlandet?»

Fylkessjefen innovasjon og næringsutvikling gav følgjande svar:

Prosessen med innkjøp av munnnbind vart iverksett med bakgrunn i tilråding fra utdanningsdirektoratet jmf. «Veileder om smittevern for videregående skole» Smitteforebyggende tiltak (udir.no) publisert den 24.03.2021.

Fylket hadde på dette tidspunktet fleire skular på gult og rødt tiltaksnivå og det var behov for å raskt få på plass eit beredskapslager av munnnbind for å kunne bidra til å sikre mest mogeleg normal drift ute på skulane.

I samband med innkjøpsprosessen vart det vart førespurt to leverandørar; Staples og Norengros, som begge er eksisterande rammeavtaleleverandørar til VLK og som begge kunne tilby munnnbind. Med bakgrunn i pristilboda vi mottok vart det beslutta at bestillinga skulle skje via Staples. Det vart totalt bestilt 964.000 medisinske munnnbind til skulane.

Angåande aktuelle vurderingar kring miljø og berekraft vart det vurdert å gå til innkjøp av tøymunnnbind. Prisen på desse var ca. 15 gonger så høg som medisinske munnnbind, og det var også 5 vekers leveringstid. I tillegg vurderte vi det slik at dei relativt omfattande hygieniske anbefalingane frå FHI når det gjeld både vasking og korrekt bruk og handtering av tøymunnnbind ville kunne by på utfordringar, og at det ville vere behov for å kjøpe inn eit relativt stort antal pr. elev for å sikre at det ville vere mogeleg å etterleve desse anbefalingane praksis.

Vi vurderte det slik at bruk av tøymunnnbind ville kunne verte aktuelt på eit seinare tidspunkt dersom vi såg at behovet for munnnbind ville utvikle seg til å bli meir omfattande og langvarig.

Det har i samband med bruk av medisinske munnnbind ute på skulane vorte sett opp ekstra avfallsdunkar.

Når det gjeld spørsmål om grunnlag for eit potensielt samarbeid med lokalt næringsliv vart dette ikkje vurdert på tidspunktet. Situasjonen som oppstod i samband med publiseringa av rettlaiaren frå UDI og vurderingane vi gjorde knytt til tid/nytte i forbindelse med bruk av munnnbind sett opp mot den situasjonen fleire av skulane stod i på tidspunktet gjorde at vi ønska å få på plass eit beredskapslager så snart som mogeleg. Etter å ha avklara at VLK allereie hadde to eksisterande rammeavtaleleverandørar som begge kunne tilby munnnbind og allereie hadde desse lagerført, vart kun desse leverandørane førespurte.